



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET**

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10/01970 - 42	
DATO 27 JAN. 2011	
AN	EKSP.

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
10/01381-12

Vår ref.
201012717- /NNO

Dato
26.01.2011

Høyring - ny lov om elsertifikater

Vi viser til Olje- og energidepartementet sitt brev av 8. desember 2010 med vedlegg.

Justisdepartementet har følgende merknader:

1 Pant i elsertifikat

Vi er enige i at pantsetjing av elsertifikat truleg krev eigen lovheimel, jf. panteloven § 1-2 andre ledd.

I høyringsnotatet er det i framlegget til § 13 gitt slik heimel for pantsetjing av elsertifikat. Vi er samde i at føremålet bak lovframlegget gjer at elsertifikat bør kunne pantsetjast som ledd i å finansiere utbygging av ny fornybar energi. Vi har nokre merknader til korleis panteheimelen er utforma og om utforminga i tilstrekkeleg grad sørgjer for at panteretten vil oppfylle det aktuelle føremålet.

Rettsvern og gyldighet

Slik ordlyden i framlegget til § 13 første ledd er utforma, er det litt uklart om registrering av panteretten i elsertifikatregisteret er eit vilkår for at pantet skal vere gyldig (altså om det er heimel for pant utan at panteretten blir registrert), eller om registrering berre er eit vilkår for rettsvern. Vi går ut frå at registrering er meint å vere berre ein rettsvernsregel, slik tradisjonen er i norsk rett. Vi har merka oss at panteloven § 4-1 tredje ledd er utforma på same vis. Vi føreslår likevel at ein vurderer å utforme regelen slik:

«Elsertifikater som er registrert på konto i elsertifikatregisteret, kan pantsettes. Panterett i elsertifikater får rettsvern ved registrering i elsertifikatregisteret.»

Omfanget av panteretten - panteobjektet

Det er formulert som eit vilkår for panteheimelen at det dreier seg om elsertifikat «som er registrert på konto i elsertifikatregisteret». Reint ordlydsmessig er det naturleg å forstå presiseringa som motsetning til elsertifikat som *ikkje* er registrert på konto i elsertifikatregisteret. Samstundes går det fram at elsertifikata ikkje eksisterer uavhengig av registeret (jf. §§ 9 og 10 og høyringsbrevet pkt. 4.4.3). Dette skaper noko tvil om kva ordninga går ut på.

I høyringsnotatet pkt. 5.5 på side 18 er det uttalt:

«Pant i elsertifikater kan tenkes arrangert på flere måter, blant annet ved pantsettelse av det enkelte elsertifikat eller ved pantsettelse av innestående på en elsertifikatkonto, slik at pantsettelsen omfatter alle elsertifikater på den pantsatte kontoen.

De foreslåtte reglene innebærer at elsertifikater på en elsertifikatkonto kan pantsettes. Pantet vil omfatte innestående elsertifikater som er angitt på pantsettelsestidspunktet.»

Ut frå denne utsegna er det ikkje klart om det er tale om pantsetjing av kvart enkelt sertifikat, eller om panteretten vil omfatte dei sertifikata som til ei kvar tid står på kontoen (som eit tingsinnbegrep), eller alle dei sertifikata som står inne når pantsetjinga skjer. Heller ikkje ordlyden i lovframlegget gir noko klart svar.

I framlegget til § 13 andre ledd femte punktum er det lagt opp til at sjølv kontoen er pantobjektet:

«Ved pantsettelse av *elsertifikatkonto* er pantsetter ansvarlig for å sende melding til registeransvarlig om pantsettelsen.» (vår utheving).

Det vi har peikt på ovanfor, synleggjer etter vårt syn at det er behov for å tydeleggjere kva som er panteobjektet, slik at dette ikkje kan mistydast. Det må klargjerast kva som er meiningsinnhaldet i presiseringa «som er registrert på konto i elsertifikatregisteret».

Etter vårt syn vil det ikkje vere aktuelt å pantsetje kontoen. Sjølv kontoen har ikkje økonomisk verdi. Det må vere det som står inne på kontoen, som kan bli pantsett.

Noverande eller framtidige sertifikat

Slik panteheimelen no er utforma, er det ikkje opning for å pantsetje elsertifikat som enno ikkje er registrert på konto, jf. framlegget til § 13 første ledd første punktum. Dette gjer at det til dømes ikkje er mogleg å få lån til å byggje ut eit nytt vasskraftanlegg med pant i elsertifikata det nye vasskraftanlegget vil få. Så langt heimelen for å pantsetje elsertifikat skal vere med på å stimulere til nye utbyggingar som kan «bidra til økt

produksjon av elektrisk energi fra fornybare kilder», jf. høyringsnotatet pkt. 5.5, kan det spørjast om ikkje ein heimel som gjer det mogleg å pantsetje også framtidige elsertifikat, vil vere eit godt verkemiddel. Ein slik panterett kan samanliknast med panterett i framtidige enkle pengekrav etter panteloven § 4-4 første ledd andre punktum. Med heimel her er det til dømes for petroleumsindustrien mogleg å pantsetje refusjonskrav etter petroleumsskatteloven § 3 c fjerde ledd første punktum (jf. føresetnaden i skattebetalingsloven § 10-1 tredje ledd).

Ut frå dei føremåla panteretten skal ha etter høyringsnotatet, kan det truleg vere grunn til å vurdere om elsertifikat også skal kunne pantsetjast før dei er registrerte i registeret. Då kunne ein kraftprodusent låne pengar for å «varig øke sin energiproduksjon», jf. § 8 første ledd bokstav c, med pant i elsertifikata kraftprodusenten får tildelt som følge av utbygginga.

Moglegheit for å innrette panteretten slik vil det til dømes vere dersom kontoen i registeret kan opprettast straks eit produksjonsanlegg er godtkjent etter § 8, og dersom panterett i kontoen er eit tingsinnbegrep etter modell frå varelagerpant og driftstilbehørspant i panteloven kapittel 3. Som alternativ kan panteheimelen omfatte elsertifikat ein kraftprodusent vil få i produksjonen på eit særskilt produksjonsanlegg.

Answaret for å sende melding mv.

I framlegget til § 13 andre ledd blir det gitt ein regel om at pantsetjaren er «ansvarlig for å sende melding til registeransvarlig om pantsettelsen». Forslaget kan føre til tolkningstvil. Det kan til dømes spørjast om registreringa er ugyldig dersom det er panthavaren som sender melding. Vi føreslår at det ikkje blir gitt særskilt regulering av kven som er ansvarleg for å gi melding til registeransvarleg. Partane sjølve bør kunne avtale kven som skal stå for slik registrering.

2 Tvangsfullføring mv.

I § 13 fjerde ledd blir det føreslått at tvangsdekning skjer etter reglane i tvangsfullbyrdsloven kapittel 10. Det blir så sagt i andre punktum: «Panterett i elsertifikater er særskilt tvangsgrunnlag.» Vi føreslår at dette blir endra til at «registrert panterett» er særskilt tvangsgrunnlag, eventuelt at «panterett med rettsvern etter første ledd» er særskilt tvangsgrunnlag. Dermed er det berre panterett med rettsvern som er særskilt tvangsgrunnlag.

Framlegget til tvangsfullbyrdsloven § 7-20 nytt tiande ledd lyder:

«Ved utlegg i elsertifikatkonto registrerer namsmannen omgående i elsertifikatregisteret at bare namsmannen kan disponere kontoen.»

Ordlyden omtaler her berre utlegg i «elsertifikatkonto» og ikkje i elsertifikat. Som sagt i punkt 2.3, meiner vi ein ikkje kan pantsetje (eller take utlegg i) sjølve kontoen, men

berre i det som står inne på kontoen. Ordlyden i framlegget bør i staden gjelde sertifikata. Vidare bør det gjerast klart om det er aktuelt å få utlegg i eit enkelt sertifikat, eller om utlegg må takast i alle sertifikata på kontoen. Dersom det kan takast utlegg i enkeltsertifikat, synest det dessutan unødvendig at skyldnaren skal miste disposisjonsrett til heile kontoen. Det burde vere tilstrekkeleg at namsmannen blir den einaste som kan disponere over dei elsertifikata det er teke utlegg i.


3 Offentlegrettslege spørsmål


I framlegget til § 14 fjerde ledd blir det sagt at registeransvarleg skal «fastsette kriterier for når en rettighet skal anses registrert». I høyringsnotatet på side 36 blir det sagt at kriteria blant anna vil avhenge av dei tekniske løysingane registeret vel, og at det derfor ikkje er «naturlig å fastsette kriterier i lovtekst eller forskrifter». Slik vi ser det, er det eit spørsmål om ikkje slik fastsetjing av kriterium uansett vil vere forskrifter i forvaltningsrettsleg forstand (jf. forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav c, jf. bokstav a) og at føresegna dermed er å rekne som ein forskriftsheimel. I så fall framstår det for oss som fornuftig at kriteria følgjer av same forskrifta som det også er lagt opp til å gi med heimel i framlegget til § 11 fjerde ledd, § 15 tredje ledd og § 30. Kriteria skal jo uansett godkjennast av departementet, jf. § 14 fjerde ledd andre punktum.

Det er ikkje klart om avgift etter § 21 er tenkt å ha eit pønalt formål som aktualiserer spørsmål som er drøfta i NOU 2003: 15 Fra bot til bedring. Departementet bør her vurdere tilhøvet til den utgreiinga. I alle høve bør departementet vurdere å ta inn i loven visse kriterium eller liknande for korleis avgifta skal bereknast.

Føresegna i § 25 er kanskje noko knapp. Departementet bør vurdere om det er nyttig å ta med fleire av dei elementa som følgjer av NOU 2003: 15.

Med helsing


Toril Juul
seniorrådgiver


Nina Helene Norby
førstekonsulent